

Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

Årsmelding frå styret 2024

Voss 26.01.2025

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Kjartan Fjose

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Sjur Tveite og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau

Revisor: Knut Kvamme og Åse Kyte

Valnemnd: Magnar Lemme leiar, Gunnar Gjerme, Arne Næss

Historienemnd: Nils Gjømstein, Magnar Lemme og Odd Tverberg

I 2024 har det vore 6 styremøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt 15 møter internt og eksternt.

Viktige hendingar:

2024 har vert eit aktivt år på Hedleberget.

Det er jobba godt med løypehistoria, det er laga oversikt over mannskap på løypestrengen i tidsrommet 1940 til 1957 da strengen ble lagt ned, liste over totalt 179 personar. Samt ein Power Point presentasjon om løypehistoria.

I mars hadde me møte med grunneigarane , og informerte om status og planar framover.

I april var Jens Brekke i Songvehytta med «Vossastubbar or sognakjeft». Husorkester Hårklau & Hagen var på plass. Det var fullt hus, og Lyder Veum losa oss gjennom kvelden.

I mai fekk me besøk av VossaRodl'n med ca 150 veteranbilar 350 personar åt varm lunch. Det vart fortalt historie frå løypinga og demonstrert skiferarbeid.

I juni var det planlagt Fjellrock med tre Rocke-band, men dette måtte avlysast pga eit Fjellvåk par som hekka på Amfiet.

I august var det klart for konsert med Vamp på fullsett amfi. Vamp leverte og stemninga var god! Sist dei var her var i 2018.

To veker seinare var det duka for «Summetonar» med Finn Tokvam i spissen. Han hadde med seg Olav Stedje, Odd Einar Lothe, Halvor Folgerø og Åge Vaksdal. Ein fantastisk konsert «ispedd litt humor» Kjøretøyhistorisk klubb stilte med mange flotte veteranbilar også denne dagen.

Dagen etter Summetonar var det «open dag» med salsboder, kiosk, historieforteljing, musikk, song av Espen Bakketeig, og mykje anna. Dette er eit samarbeid med Kulturminneveko.

I Oktober inviterte me til kulturkveld i Songvehytta med smalahovemiddag. Husorkesteret underheldt, Lyder Veum leia ann og fortalde om ølbrygging og smalahove.

Studentar i klassisk bygningsvern og restaurering frå Vestland fylkeskommune, var på studiebesøk hos Jan Olav Grevle.

Det har vore dåpsfeiring og feiring av runde dagar, kulturstien vert flittig brukt både sommar og vinter. Stolpejakta frå mai til november fekk opp besøkstala. Totalt har det vert ca 4000 personar på berget dette året.

Søknadar:

Me sende søknad til «Norsk Kulturminnefond» og «Ta eit Tak» for å berga hytta etter Petter og Andreas Hårklau. Her fekk me tilsegn på Kr. 35.000 frå kulturminnefondet, og Kr. 25.000 frå Ta eit Tak. Dette dekkjer alle dokumenterte kostnader. Vårt bidrag var dugnadsarbeidet..

Voss Sparebank støtta oss med kr. 20.000,- til arbeidet med historia om transportstrengen. Som frivillig organisasjon fekk me refundert kr. 26.002,- i moms. Me søkte kommunen og fekk kr. 10.000 som frivillig organisasjon. Me søkte også om midlar til ny grus på kultursti hos Gjensidigestiftelsen. Utan resultat denne gangen.

Dugnader:

Allereie 3. januar var me i gang med å setja i stand gamle skantesakser. Her viser me utviklinga frå fyrste skantesaks som vart oppfunnen av Arne Rene i 1884, og fram til den «moderne» skantesaksa som Voss Mekaniske produserte, kring 1920.

Det er samla og køyrt bort lastebil-lass med boss og skrot frå kulturstien.

Me har med beitepussar og ryddesag rydda kratt og småtre rundt heile kulturstien og ved fellesbrakka.

Det er skifta tak på Amfiet som var lekk. 12 mann brukte 96 timar og gjorde jobben på ein dag!

Den største dugnaden i år var på hytta etter Petter og Andreas Hårklau. Hytta var til nedfall, og ein stor jobb vart sett i gang. 14 mann deltok og det vart lagt ned 423 timar. Totalt er det lagt ned over 800 dugnadstimar dette året i tillegg til alle møter og tilstellingar.

Plan for 2025:

Våren 2025 vil Bygdaklang framføra Skifersongen på amfiet. Sist den vart framført var i 2018. Dato for songspelet er 13. og 14. Juni. Dette vert det store i 2025!

5. April vert det kulturkveld i Songvehytta der historikar Yngve Nedrebø fortel om Gjerst Bårdsen. Augustkonsert er enno ikkje bestemt.

I September er det open dag igjen i høve «Årets kulturarvfestival»

Rydding av kulturlandskap er ein kontinuerleg prosess, og tar mykje tid. Dette er viktig for å halda området opent og attraktivt.

I 2024 var det «stolpejakt» i kulturstien, i 2025 vert det «Stølsturar» i samarbeid med Voss Utferdslag.

Som restaureringsobjekt i 2025 skal skantehytta til Petter og Andreas Hårklau som no ligg flatt, gjenreisast. Tanken er å tilbakeføre den slik den var, og setje inn kløyvingabenk, skantebord, og ei skantesaks.

Me er registrert i Norsk tipping som mottakar av "Grasrotmidlar". Me set stor pris på at me vert vald som mottakar. Organisasjonsnummeret er 998 081 491.

Me set og pris på alle som vil vera støttemedlem i Interessegruppa.

Medlemskontingent er kr. 100,- Konto: 3480.14.21360. Send oss mail adressa og/eller telefonnummer, så får du årsmelding og anna informasjon.

Årsmøte vert i Songvehytta onsdag 9.April 2025 kl. 19:00.

For styret:

Ingmar Hårklau

Leiar